

Septer og tiggarstav - temakveld i Uskedal kyrkje, fredag 27. mars kl. 18

10.02.2020



Skjermbilete av Jørn Øyrehaugen Sunde - på NRK 1 før den populære Frank Aarebrot førelesinga.

Septer og tiggarstav – Magnus Lagabøter, fransiskanerne og Landsloven av 1274 er tittelen på temakvelden i Uskedal kyrkje fredag 27. mars kl. 18.00. Aktørane er Alf Tore Hommedal og Jørn Øyrehaugen Sunde. Det vert musikalske innslag ved Uskedal Musikklag og kantor Eva Megyesi.

Fyrsteamanuensis i arkeologi Alf Tore Hommedal og professor i rettshistorie Jørn Øyrehaugen Sunde samarbeider om ei ny tolking av livsverket til Magnus Lagabøter, som gav fire lovbøker for det norske riket mellom 1274 og 1281.

Norsk historieskriving har i fleire hundreår strevd med å forstå kva som motiverte til den fredsæle og institusjonsbyggjande kongen til å laga dette storverket i europeisk rettshistorie. Gjennom å ta utgangspunkt i den skotske Lanercost-krøniken og Magnus Lagabøter sin bakgrunn i fransiskanarklosteret i Bergen, meiner Hommedal og Sunde å finna svar i den radikale teologien til Frans av Assisi.

Kantor Eva Megyesi vil framføra Solsangen av Frans av Assisi. Songen vert også kalla Skapninga sin lovsong. Det er ein vakker melodi som vert framført med tekst til.

Tekst/foto: Pressemelding/ Kristian Bringedal
Nett: Kristian Bringedal